

Fra: Ronny Skaar (Ronny.Skaar@hfk.no)
Sendt: 12.12.2014 12:56:59
Til: Anette Durr Thomassen
Kopi:

Emne: VS: Geopark på Handlingsplanen til Regional Kulturplan
Vedlegg: image001.jpg:image004.png
 Kan du journalføre dette utgående.

Fra: Ronny Skaar
Sendt: 12. desember 2014 12:56
Til: 'Brynjar Stautland'
Kopi: Gro Jensen Gjerde
Emne: SV: Geopark på Handlingsplanen til Regional Kulturplan

Arbeidet med Regional kulturplan har gjenge føre seg i to år, og det er lagt til grunn ein omfattande planprosess med stort høve til medverknad.

Høyringsfristen for innspel til Regional kulturplan var 26. september 2014. Planen og handlingsprogrammet vart handsama i fylkestinget 10. desember, og i samsvar med Plan- og bygningsloven § 8-4, vedteke med endeleg verknad.

Det er berre prioriteringa av tiltaka som no står att.

Det er såleis ikkje mogleg å ta inn nye tiltak no utan å utløysa ny prosess.

Når det gjeld det vidare arbeidet med geopark vil det ikkje vera avgjerande at det er direkte omtalt som eige tiltak i kulturplanen, men at det kan sjåast i samanheng med planen sine vedtekne målsettingar, innsatsområde og meir overordna tiltak. Lukke til med arbeidet.

Venleg helsing

Ronny Skaar
 Seksjonsleiar/Utviklingssjef
 Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 91 77 | Mob: 930 23 928
www.hordaland.no

Fra: Brynjar Stautland [<mailto:brynjar@stautland.net>]
Sendt: 12. desember 2014 10:02
Til: Ronny Skaar
Kopi: Gro Jensen Gjerde
Emne: Geopark på Handlingsplanen til Regional Kulturplan

Hei Ronny Skaar,

Samarbeidsrådet for Sunnhordland driv p.t. eit forprosjekt som skal undersøke muligheten for å etablere ein geopark i Sunnhordland. Eg er prosjektleiar, og har m.a. vore i møte med fylkeskonservator Ekerhovd om dette den 18.12.

Geoparken bør nemnast i den Regionale Kulturplanen 2015-'25 sin Handlingsplan, som eg har forstått er tilbake i administrasjonen for prioritering av tiltaka.

Kan påføring av geoparken i Handlingsplanen gjerast direkte via deg/dykk, eller må det gå om politikarane?

Eg ser fram til svar i tide m.o.t. Handlingsplanen. Ta gjerne kontakt på tlf 959 25 054!

Vedlagt er eit kort dokument om arbeidet som føregår i dei 8 sunnhordlandskommunane.

MED HELSING

BRYNJAR STAUTLAND
 Kanalvegen 42
 5437 FINNÅS

mobil 959 25 054
WWW.STAUTLAND.NET
 ORG NR 996 747 352

Brynjar Stautland AS

www.stautland.net